



Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:
Vår ref: 2014/125
Vår dato: 23.10.2014

Partsbrev - Invitasjon til deltaking i selskapskontroll av Hardangerbrua AS**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Kvam herad - 20.10.2014****Handsaming i møtet:**

Forslag frå Gunnar Skeie til nytt punkt 3:

Kontrollutvalet i Kvam herad ønskjer at ein i framtidige invitasjonar til felles selskapskontroll med andre eigarar vert teke med i prosessen i utarbeiding av prosjektet.

Forslag til vedtak, inkludert nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke

Vedtak:

1. Kontrollutvalet i Kvam herad seier nei til å delta i felles regional selskapskontroll av Hardangerbrua AS når det gjeld delen om eigarskapskontroll.
2. Kontrollutvalet i Kvam herad seier ja til å delta i felles regional selskapskontroll av Hardangerbrua AS når det gjeld den delen som omfattar forvalningsrevisjon. Dette under føresetnad av at minst 73,34 % av eigarane seier ja til å delta.
3. Kontrollutvalet i Kvam herad ønskjer at ein i framtidige invitasjonar til felles selskapskontroll med andre eigarar vert teke med i prosessen i utarbeiding av prosjektet.
4. Selskapskontrollen skal utførast av Deloitte i tråd med forslag til prosjektplan som ligg føre.
5. Kontrollutvalet ber om at Deloitte presenterer resultatet av selskapskontrollen for kontrollutvalet når den er ferdig.
6. Kostnadene til deltaking i prosjektet vert godkjent i tråd med utrekningsmodellen i invitasjon dagsett 13.5.14. I tillegg kjem kostnader dersom Kvam herad ønskjer at Deloitte skal presentere rapporten for heradsstyret, jf. i den samanheng reknemodell som går fram av vedlagte invitasjon. Ettersom Deloitte er revisor for Kvam herad, og møter fast på kontrollutvalsmta, tar ein for gitt at presentasjonen der er utan ekstra kostnader.
7. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med rådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Kvam herad
Ordførar
Rådmann
Utvalsleiar
Deloitte AS